



**Valle Idrottslag**

[www.valle-il.no](http://www.valle-il.no) | [post@valle-il.no](mailto:post@valle-il.no)

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

## **Styremøte i Valle IL 02.05.2017**

### **Desse møtte:**

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Lise Fosså (skrivar)

Anne Madeleine Gilbert Axelsen

Bjørgulv Sverdrup Lund

Cecilie Haugen

Tarald Myrum (vara)

### **9/17 Referatsaker**

- Klubbhus

Anne Liv orienterte om spelemiddelstatus, der kan vi vente eit svar i mai. Det vart avhalde møte med aktuelle aktørar i samband med oppføring av klubbhus, Setesdalsbygg AS og Knut Hovet møtte opp.

Når vi får svar på søknaden om spelemiddel må vi avklare forskotering med kommunen. Vi satsar på start til hausten.

### **10/17 Klatring**

- Kva gjer vi med klatring i Valle IL? Det er spørsmål om bygging av klatrevegg, ha ei aktiv klatregruppe osv.

Arne Holtskog sine planar om klatrevegg er skrinlagd, då den vart lagt til Arendal. Det er fortsatt ein ønskje om å få inn ein klatrevegg i idrettshallen her i Valle.

Vi treng nokre eldsjeler. Vi er positive til å arbeide vidare med dette med ei prosjektgruppe. Det må utarbeidas ein framtidsplan med mål om ein klatrevegg som kan nyttast til konkurransar og ei kostnadsramme, samt finansieringsplan.

Anne Liv lurar på skilje dette ut med ein klatregruppe, då det er mange ulike grupper som vil inn. Kven skal ha inntektene ved evt. utleige? Ein kan f. eks gjere slik som det er med møykjerommet i dag. For å forhindre at dette kolliderer med andre aktiviteter kan det å gjere helgene tilgjengelege for kommersiell bruk vere ei løysning.

### **Vedtak:**

Cecilie opprett ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med dette.

### **11/17 Color Line Setesdal Tour**

- Kven er vår nye Geir Olav Uppstad? Har fått ein del informasjon, og det er eit spikra opplegg, som i korte trekk berre er å gjennomføre. Vi treng forslag til namn vi kan spørje om å vere ansvarlege.

**Vedtak:**

Anne Madelene melder seg dersom ho får fri. Gunnar Brottveit vart foreslegen til å vere med si han er god på reparering av sykklar. Anne Liv høyrer med Gunnar.

**12/17 Grasrotandelen**

- Otra IL har hatt stor suksess med å «verve» folk til grasrotandelen. Kan vi gjere det same? Vi har gode inntekter frå grasrotandelen, men det kan truleg bli meir.

**Vedtak:**

Bjørgulv Sverdrup Lund skal høyre med Coop Valle, Cecilie høyrer med Coop Hylestad. Anne Liv meldar dette i bygdenytt i juni i håp om å «verve» fleire.

**13/17 Styreinstruks**

- Veit de som styremedlemer kva som er oppgåvene dykkar? Alle Liv ønskjer å sette i gong arbeidet med ein styreinstruks i fyrste omgang.

Anne Liv har eit ønskje om at ein lagar eit årshjul i forhold til kva som blir gjort i forhold til dei ulike årstidene. Anne Liv kom også med forslag om å utarbeide ein styreinstruks. Ein kan arbeide vidare på det årshjulet som allereie er påbegynt.

**Vedtak:**

Anne Liv arbeider vidare med årshjul og ein forenkla styreinstruks over sommaren.

**14/17 Trenarmøte og sesongavslutning**

- Samle alle trenarane for å planlegge neste år. Det er blitt murringar fordi det er for mange aktivitetar, det er for mange aktivitetar på same tid osv. Kan hende kan vi avhjelpe dette med eit felles planleggingsmøte.
- På dette møtet heidrar vi trenarane noko, med å dele ut gåvekort til dei alle.
- Vi treng dato!
- Og nokre som kan ta på seg planlegginga av dette!

**Vedtak:**

Cecilie tek seg av organisering av møtet. Datoen vert sett til den 08.06.17. Anne Liv ordnar med gåvekort.

**15/17 Eventuelt**

Anne Madelen reiser til utlandet 03.07.2017 og vert borte eit år. Tarald Myrum vert vara.

Det er eit stort ønskje om nett rundt tennisbanen. Bruken av banen vil auke dersom me får på plass dette. Lise sender e-post til Ånund på teknisk om dette.

Neste møtedato vert sett til 12.06.2017 klokka 20.00.

Lise Fosså  
Skrivar